



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-D11	22/147

### VAKSDAL IDRETTSBANE- KOSTNAD OG FINANSIERING AV OV-ANLEGG OG IDRETTSBANE. PROSESSAK.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering.


#### Saksopplysningar:

I påvente av fullføring av anboda vert denne saka lagt fram for formannskapet som ei **prosessak**, det vil sei ei førebels sak som vert arbeidd vidare med fram mot kommunestyret 9.mai.

#### Bakgrunn for saka

#### Status og framdrift

Prosjektet med å etablere nytt OV-anlegg og ny idrettsbane er i samsvar med planlagt framdrift.



Anbod 1 som gjeld totalentreprise for grunnarbeid og rørtrasé er gjennomført. Det er inngått kontrakt med Rivenes AS og arbeidet startar etter påske. Kostnaden ved entreprisen ligg noko over kalkulert kostnad.

Anbod 2 som gjeld idrettsbana og området rundt har frist i starten av mai.

Idrettsbana vert retablert med gummigranulat jf. KSAK 16/23 (alternativ og priser kjem).

I tillegg til grunnarbeid og bane er det tatt med lysmaster og nytt gjerde der det er nødvendig.

Det er avsett areal for 100m løpebane og tribune. Gangareal vert asfaltert. Inngangar vert retablert, inngang innafor rasfaresone vert flytta.

Etter ynskje frå idrettslaget er det tatt med ein opsjon på drenerande asfalt der 100m bana er

planlagt. Prosjektet har munnleg førespurt idrettslaget om laget eventuelt kan finansiere/delfinansiere ein slik opsjon. Når tilbodet ligg føre kan dette eventuelt vurderast.

## Formelt grunnlag

KOM 89/22 Budsjett 2023

KOM 11/23

## Vurdering og konsekvensar


Det har vore utfordrande å tilpasse trasévalet på grunn av terrenget i området og rasfare, omsyn til ynskje om framtidig utvikling av idrettsanlegget og behova til Fellesprosjektet Arna-Stanghelle. Ein har likevel klart å løyse dei fleste utfordringane og ivareta ulike krav, behov og ynskjer frå ulike interessentar.

Det har vore brukarmøter med Vaksdal idrettslag gjennom heile prosessen og dei har synleggjort sine ynskjer og planer for vidare utvikling av idrettsanlegget. Det er oppretta ei arbeidsgruppe med prosjektleiing, varaordførar og representantar frå Vaksdal idrettslag.

I samband med prosjekteringa av ny bane er det tatt omsyn til framtidig utvikling utan at dette skal koma i konflikt med ny teknisk infrastruktur som må etablerast i området. Det har ikkje vore mogleg å gå i detalj på alle grensesnitt og krav på grunn av tidsramma for reetablering i år. Me har likevel sett på hovudtrekk, overordna arealbehov og tilpassingar og meiner det skal vera mogleg å vidareutvikle idrettsanlegget i framtida.

I samband med behandling av rammeløyve for grunnarbeidet kom det krav om skredvurdering. Den viser at området ligg innafor aktsomheitssoner for skred og kan potensielt vere utsett for skred (NVE, 2023). I regi av NVE ble det gjennomført ei skredfarekartlegging i 2018 som viser at idrettsanlegget delvis ligg innafor område med reel fare for skredfare. Dimensjonerande skredtype er vurdert å være steinsprang.

Skredvurderinga har begrensa konsekvensar for pågående prosjekt. For framtidige planar og utbyggingar i skredsona vil det vere krav om sikring. Dette gjeld til dømes løpebana som idrettslaget ynskjer å etablere rundt bana. 100 meter løpebane er ikkje råka.



Figur 3. Faresonekart fra NVE med nye eventuelle nye løpebaner inntegnet.

### Kostnadskalkyle og budsjett

Det er budsjettert med 17 millionar i budsjettet for 2023 etter ei tidleg kalkyle for omfanget. I samband med prosjekteringa er det utarbeida grovkalkyler basert på dagens plan og informasjon. Den samla kostnaden for prosjektet vil vera vesentleg høgare enn det som førebels vart lagt til grunn ved utarbeidings av budsjettet. Endeleg kostnad vil ligge føre når anboda er gjennomført.

(Kostnad vert lagt fram til behandlinga i kommunestyret)

### **Tilråding frå kommunedirektøren**

Kommunedirektøren legg no fram ei samla sak for OV – anlegget og Vaksdal idrettspark og inviterer kommunestyret til å godkjenne økonomisk ramme for prosjektet. I dette ligg det og nokre prinsipielle avvegingar i høve kva ein skal finansiere no og kva som eventuelt ligg fram i tid.

Det overordna mandatet frå kommunestyret slik kommunedirektøren tolkar det har vore tid, og at ein strengt har måtte avvege innspel som kunne forseinkje prosjektet. Det er eit overordna mål for kommunestyret at retablering av fotballbanen skal vere ferdig hausten 2023.

Det har ikkje vore mogleg å gå i detalj på alle grensesnitt og krav på grunn av tidsramma for retablering i år. Det er sett på hovudtrekk, overordna arealbehov og tilpassingar, som viser at det skal vera mogleg å vidareutvikle idrettsanlegget i framtida.

Prosjektleiing og Vaksdal kommune har vorte utfordra på kva som er mogeleg å få til i retablering av idrettsanlegget. Kommunen har kome idrettslaget i møte der det har vore mogeleg.

Idrettsbana vert retablert med gummigranulat. I tillegg til grunnarbeid og bane er det tatt med lysmaster og nytt gjerde der det er nødvendig. Det er avsett areal for 100m løpebane og tribune. Gangareal vert asfaltert og inngangar vert retablert. Innafor rasfaresone på langsida må bana inngjerast. Inngangen på denne sida vert flytta og det vert gjort avgrensingar i høve kvar folk kan opphalde seg på denne sida. Tribuneområdet vert flytta til den andre sida.

Rassikring må etter kommunedirektøren si meining sjåast i samanheng med K5 utbygginga og dei to tunnelinnslaga som kjem i området. Kommunedirektøren vil vere i dialog med prosjektgruppa for K5 for om mogleg finne løysingar på dette.

Prosjektet har møtt på store utfordingar underveis. OV – anlegget sine dimensjonar har vorte mykje større og meir omfattande enn vi kunne føresjå etter hendinga. Dette er eit stort løft for ein mindre kommune som Vaksdal. Det har aldri vore tvil om at kommunen skulle stille opp, men ein må også åtvare om at kostnaden kan få konsekvensar for andre tilbod i kommunen.

Til kommunestyret legg kommunedirektøren fram saka med samla prosjektkostnad for arbeidet med nytt OV-anlegg og ny idrettsbane. Kostnaden inkluderer planlegging og prosjektering, utgreiingar og anbod samt totalentreprisar for gjennomføring av arbeidet. Opsjonar vert lagt fram som eventuelle tillegg.

Etter ferdigstilling av OV – anlegget og retablering av Vaksdal idrettspark gjenstår resterande OV – infrastruktur oppstraums baneområdet. Dette er sannsynlegvis rør og materialar i same forfatning som ved bana, og det er difor naudsynt å utarbeide ein plan for utbetring av resterande OV – anlegg så raskt som mogleg. Kommunedirektøren vil leggje fram eigen sak om dette hausten 2023.

Kostnaden for dette prosjektet er i dag ikkje kjend, men kommunen må pårekna nye store investeringskostnader også her. Nye klimamodellar tilseier at og auka dimensjonering vil være naudsynt ved dei fleste OV – anlegg i kommune – Noreg, så også her.